


# Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

April 2020




Korona, s. 2

Påskequiz, s. 4

«Mandagsgjengen», s. 5

Andakt, s. 12



## Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:

Eli Synnøve S. Garvik

Soknerådsleiar Etne: Arnold Solheim

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:

Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

### Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad  
Kyrkjeverje  
[kirkjeverja@etnekyrkja.no](mailto:kirkjeverja@etnekyrkja.no)  
96 01 68 64



Randi Frette  
Kyrkjelydssekretær  
[sakshandsamar@etnekyrkja.no](mailto:sakshandsamar@etnekyrkja.no)  
53 77 11 75



Per Hjemdal  
Sokneprest i Etne  
[soknepresten@etnekyrkja.no](mailto:soknepresten@etnekyrkja.no)  
41 12 65 49



Randi Matre  
Kyrkjelydspedagog  
[tru@etnekyrkja.no](mailto:tru@etnekyrkja.no)  
99 64 36 74



Egil Larsen  
Vikarprest  
[spresten@etnekyrkja.no](mailto:spresten@etnekyrkja.no)  
99 24 18 70



Bjørn Stødle  
Kyrkjegardsarbeidar  
[kga@etnekyrkja.no](mailto:kga@etnekyrkja.no)  
91 19 99 60



Solveig Sørheim  
Organist  
[organist@etnekyrkja.no](mailto:organist@etnekyrkja.no)  
40 28 68 71

# Korona

Det å lage Kyrkjeposten blei med eitt noko heilt anna. Korona pregar landet vårt.

Styresmaktene tar seg av tryggleik og gode tiltak. Også kyrkja gjer sitt for å vere til stades der ein kan. På internett skjer det mykje, berre søk opp kyrkja.no eller Den norske kyrkja på facebook, så ser ein mange gode og kreative ressursar. Vi har mellom anna nettkyrkja, der ein kan prate med ein prest via chat, og vi har bøneveggen, der ein kan dele ei bøn eller tenne eit lys.

Sjølv har eg fundert på situasjonen vi finn oss i. Som kyrkje hentar vi vår tro og livstolking først og fremst frå Guds ord. Martin Luther var spesielt god til å peike på det Bibelen ønska å sei. I tillegg til å sei mykje om korleis Gud er barmhjertig, viser også Bibelen oss korleis Gud har lagt tre ulike områder ned i samfunnet vårt, med kvar sitt særskilde siktet: Familien, staten og kyrkja.

At familien er viktig, ikkje minst i slike dagar som dei vi har no, er tydeleg. Med usikkerheit omkring korona og fylgjene av tiltaka som er gjort, slår Guds plan for familien inn: Det er godt å ha nokon å dele daga ne med. Vi treng ein stad for tryggleik og omsorg. Slik vil Gud familien skal fungere.

Rett nok har ikkje alle nokon å vere saman med. Då håper vi at oppmoldingane som har lydd om telefonkontakt, har verka. Dersom nokon har kjend mest av alt på einsemd, finn ein viktige telefonnummer her på sida, om ein då ikkje vil ta kontakt med ein av prestane direkte.

Nærast tvunge samvær i så stor grad som no, kan også krevja mykje av samlivet. Du finn eit par gode sider for råd om samliv!

I sin store visdom har Gud også gjeve oss menneske styresmakter som skal ordne forholda i samfunnet. Styresmaktene gjer sin gjerning når dei tar vare på og legg til rette for kvar einskild, medan dei og sett grenser for oss. Vi har heldigvis gode styresmakter, og det er verdt å takke for! Bibelen oppmodar oss nettopp til dette:

*Be for kongar og alle som er i leiane stillingar...*

## Svar Påskequiz!

### 1. Tim 2, 2

Men viktigast av alt er fellesskap med Gud. Det er eit fellesskap for æva. Då er det eit ord til trøyst, at midt i alt vi står i, vil også Gud møte oss og vere med oss. I dagar der ein blir tynta av frykt og kjenner seg sårbar, vil Gud likevel gje oss ein open himmel over livet. I krevjande tider får vi minnest orda frå Jesus:

*Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i bus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei?*

Jesus held fram: *Sök først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg. Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.* Matteus 6.

Nå håper vi med god grunn på flinke leger og god forsking. Vi ber for alle som kjempar mot korona-utbrotet. Vi takker også Gud for at han gjev menneska kunnskap om mange ting. Men ikkje minst takkar vi for at Gud no er med, slik han lova!

*Jesus sa: Eg er med dykk alle dagar, så lenge verda siår.* Matteus 28, 20.

Alle dagar – det er både dei gode, og dei vonde.

Per Hjemdal



3: Eggjet inneheild iv, akkurat som Jesu grava

2: 1. Fullmåne etter varfamdag

1: Så fort Jesus stod opp frå dei døde!

### Historia

3: Josef fra Arimatea

2: Nikodemus

1: 70 men

### Jødane

3: Han tok vare på dei felles pengeane

2: Han hengde seg

1: 30 solvpengear

### Iudas

3: Eit svært

2: Fiskar

1: 3 gongar

### Peter

3: 40 dager

2: Guds lam

1: 33 år

### Jesus

3: Bratt leggane på dei krossfesta

2: Tihentius

1: Pontius Pilatus

### Romarane

3: Lam

2: A ga forbi

1: Til minne om utlønninga frå Egypt

### Påske

Ikkje alle har nokon å vere saman med.

Her er viktige telefonnummer om det er trøng for det:

116 111 – krisetelefon for barn og unge

2240 0040 – Kirkens SOS, for vaksne som trenger nokon å prate med

810 03 940 – bekymringstelefon, vaksne for barn

Samliv - Nokon gonger er samliv vanskeleg. Gode råd finn du her:

[www.bufdir.no/Familie](http://www.bufdir.no/Familie)

[www.familieverden.no/parforholdet/](http://www.familieverden.no/parforholdet/)

# Påskequiz svara finn du på s. 2

## Påske

- 1: Kvifor feira jødane påske?
- 2: Kva tyder påske?
- 3: Kva slags dyr er særleg knyta til jødisk påskehøgtid?

## Romarane

- 1: Kven var den romerske landshovding som dømde Jesus til å døy?
- 2: Kven var keisar når Jesus blei drept?
- 3: Kva gjorde romarane når dei skulle ha fortgang i krossfestings-døden?

## Jesus

- 1: Kor gamal var Jesus når han døydde?
- 2: Kva kalla Johannes Døyparen Jesus når han kom for å bli døypt?
- 3: Kor lenge gjekk Jesus bland apostlane etter at han stod opp frå dei døde?

## Peter

- 1: Kor mange gongar nekta Peter for at han kjende Jesus?

2: Kva yrke hadde Peter?

3: Kva for våpen gjekk Peter omkring med medan det var påske?

## Judas

- 1: Kor mange pengar fekk Judas for å svike Jesus?
- 2: Korleis døydde Judas?
- 3: Kva særleg oppgåve hadde Judas mellom apostlane?

## Jødane

- 1: Kor mange medlem var det i Sanhedrin, jødanes høge råd?
- 2: Kven prøvde å tale Jesu sak i det jødanes høge råd var samla for å dømme Jesus?
- 3: Kven si grav blei Jesus lagd i?

## Historia

- 1: Jul er feira sidan 300-talet. Når byrja ein å feire påske?
- 2: Kva avgjer når påska kjem om våren?
- 3: Kvifor er egget blitt eit påskesymbol?



## Opningstider

Onsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15

**Velkommen innom for ein  
god handel!**



## Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med «Kyrkjeposten»

# Møt «mandagsgjengen» i Etne bruktbu!

Kvar måndag, året rundt, er det liv og røre i Etne bruktbu. Butikken er stengd denne dagen, men ein gjeng på 9-11 stk., menn og damer, møter trufast opp for å gjera ein innsats i "buo" denne dagen.

"Mandagsgjengen" har tatt på seg det viktige og tidkrevjande arbeidet med å pakka ut, sortera, prisa og rydda på plass varer som vert levert inn. Kvar ting vert noye vurdert av ei prisnemnd, som etter beste evne vurderer verdien av den enkelte vara. Ein del må vaskast og pussast, og kanskje strykast og reinsast før det kjem ut i butikken. Kreative damer pyntar og danderer og plasserer varene ut i butikken, slik at det alltid ser ryddig og fint ut. Etne bruktbu har fått eit godt rykte på seg for å vera ein fin, ryddig og rein butikk.

Andre i "mandagsgjengen" har arbeid med å

henta varer frå folk som ikkje kan levera sjølv, samstundes som dei og tar på seg oppdrag med å køyra ut større ting som kundar ikkje klarer å få med seg heim. Det er demontering og montering av møbler, og fiksing av forskjellige ting som ikkje er heilt i stand. Det er til tider mange, tunge tak. Velviljen er likevel alltid stor når manngjengen ved Lars Reidar, Jakob, Eirik og Johannes får spørsmål om å trø til med ei hjelpende hand.

Kyrkjeposten tar ein prat med denne ivrige, uthaldande og hjelpsame gjengen. Ikkje alle er til stades når me er på besøk, men sju stykk er ivrig opptatt med kvar sine oppgåver.

Me vil vita kva som er motivasjonen for å驱pa med dette arbeidet kvar einaste måndag, året rundt.



*Mandagsgjengen i Etne bruktbu, f.v. Jakob Eskeland, Lars Reidar Monsen, Liv Karin Kaldheim, Jane Mydland, Anne Christine Engelsjerd, Marta Eskeland og Bodil Monsen*

Lars Reidar har vore med i "buo" heilt sidan ho opna i november 2012, og det er ikkje få dugnadstimar som er gått med.

«Motivasjonen», seier han, «får eg av det kjekke miljøet her, dei kjekke folka me arbeider med, og sist men ikkje minst arbeidet med å samla inn penger til den nye kyrkja. Det er jo det som er den største drivkrafta.»

Anne Christine og Liv Karin som har ansvar for rydding og pynting, vert og motivert av det koselege fellesskapet og arbeidet med pengeinnsamling til kyrkja, men dei liker og svært godt at dei får halda på med ting dei er interesserte i, nemleg rydda, pynta og laga det fint rundt seg. Dei legg vinn på at kvar type ting har kvar sin plass i butikken, og at fargar og pynt harmonerer og er fint i lag. Me forstår at det ligg mange, mange timer bak å få det så fint og ryddig.

På bakrommet møter me "prisgjengen": Marta, Jane og Bodil. Dei er i ivrig diskusjon om ei vare som skal prisast. «Denne er vanskeleg», seier dei. Og det er ofte vanskeleg å



Lars Reidar Monsen set i stand ein sofa som er levert inn

setja rett pris på varene.

Noko går nes-ten automatisk nå etter alle desse åra, men andre ting må ein gjerne grubla på og søkja informa-sjon andre stader for å finna pris.

Mange gamle ting som ein får inn, er ik-kje lett å verd-setja. «Så handlar det og om at me i

“prisgjengen” har forskjellig smak, og det er derfor ulike ting me verdset», seier Marta.

Me vil veta om ulike meininger kan gå over i krangel viss det blir for vanskeleg. «Nei, me kranglar ikkjel», seier dei nesten unisont, men vedgår at diskusjonen kan bli littegrann heit til tider. Og det er ikkje vanskeleg å forstå, med alle dei tusenvis av varer som skal pris-setjast i løpet av eit år!! Motivasjonen deira er pengeinnsamling til Etne kyrkje, men og det kjekke og trivelege fellesskapet. Jane var glad ho fant sin plass i "buo" då ho kom ny og framand til bygda. Her har ho funne eit kjekt miljø å vera ein del av.

Jane har også som oppgåve å ta bildar av nye varer som dei ynskjer å fremja via facebook. Kvar veke vert det lagt ut nye bildar, og det hender ikkje sjeldan at det er kø av folk utan-for butikken onsdag klokka 11. Då har dei sett interessante ting på facebook som dei vil sikra seg. Facebooksida til Etne bruktbu har over 1000 følgjarar, så det er ein god plass å drive reklame.

Me vil vita om det er noko negativt med å vera med i "mandagsgjengen". Då klor dei seg i hovudet, og det er ikkje lett å koma på noko svar. "Det einaste som kan vera litt



Anne Christine Engelsjerd og Liv Karin Kaldheim gjer bruktbu til ein innbydande butikk.



Jane Mydland, Bodil Monsen og Marta Eskeland har ansvar for å prisa varene.

negativt, er at me av og til kunne hatt bruk for litt meir plass”, seier Liv Karin. «Møbler tar stor plass, og me må av og til ha møbler på lager ei tid før me får dei i butikk.» Det er det einaste negative dei kan koma på.

På spørsmål om kva som er dei raraste tinga dei har selt i bruktbua, så har dei fleste minner som dukkar opp. Lars Reidar ville kasta europallane som han såg på som skrot. Men, nei, dei gjekk unna som varmt kveitebrød dei fyrste åra. Folk ville ha dei til bord. Elles så sel dei massevis av kabeltromlar i ulike storleikar, som folk malar og har til f.eks. hagebord. Dei er samde om at folk har så ulik smak og interesse, at det som er skrot for nokon, kan vera skattar for andre. «Ingenting overraskar meg lenger», seier Lars Reidar med eit smil. Trendane har og endra seg mykje på dei godt og vel sju åra dei har drive på. Sølv, messing og kopar har alle hatt sine epokar. Nett nå er det ”in” å bruka messinglysestakar som pynt til bryllaupsbordet.

“Mandagsgjengen” er enormt takksam for alle som kjem og leverer varer. Det aller meste kan takast imot, berre det er reint og i god stand. Gjenbruksstanken er ein fin ting: det du ikkje treng eller har plass til sjølv, kan andre ha bruk for eller glede av.

Det er Etne sokneråd som eig bruktbua, medan eit eige styre har ansvar for drifta. Det er mange frivillige som gjer ein kjempeinnsats med å stå i butikken og skapa ein koseleg møteplass for folk. Det er alltid kaffi på kanna og eit eller anna godt å bita i viss ein har tid å slå seg ned i “ovnskroa” for ein drøs.

Kyrkjeposten vil på vegne av Etne sokneråd få retta ein stor takk til absolutt alle som gjer ein innsats for dette mangfaldige og viktige arbeidet.

Reidun Solberg Sande

# Oppgradering av kyrkjene

## Stødle kyrkje - Brannvern og restaurering av tak



Dette året vil det bli utført ein heil del naud-synt arbeid på Stødle kyrkje.

Kyrkja er den eldste kyrkja me har (frå ca. 1160), og i tillegg til å vera kyrkje er ho eit viktig kulturminne for bygda.

Riksantikvaren har kome med tilbod om økonomisk støtte til montering av automatiske brannsløkkjeanlegg, og til istandsetjing av tak. Riksantikvaren dekker omlag halvpar-

ten av kostnaden, Etne kommune er med og finansierer resten.

Saka om brannsløkkjeanlegg er no hjå konsulent for å vurdera kva type sløkkjeanlegg som er best eigna i ei så gammal kyrkje.

Når det gjeld istandsetjing vil store deler av taket tekast om. Sjølve tårnet og deler av taket mot nord skal ikkje gjerast noko med, men resten av kyrkja skal takast.

Stødle kyrkje er eit freda bygg, og arbeidet vil bli gjort i nært samarbeid med Riksantikvaren.

Det er truleg at kyrkja vil bli stengt for graverferder og andre arrangement i periodar.

Målet er at planlagde bryllaup vil bli gjen-nomført.

## Fjæra kapell - Tilgang til vatn

Det har i mange år vore ei stor utfordring med vatn i Fjæra. Først var det lekkasje på vassleidninga opp til kyrkjetårnet. Dette har ført til at pumpa har gått seg varm og gått sund. Lekkasjane vart utbetra, men det vart likevel problem med vatn sist sommar, då brunnen gjekk tom i den varmaste perioden.

Fellesrådet vedtok difor at det skulle borast etter vatn. Dette vart gjort i februar.

Dei fann rikeleg vatn på 90m djupn, det er no berre litt etterarbeid att, og planen er at arbeidet skal vera heilt ferdig til påske.

Me håpar at dette vil gi ei varig og god løysing for Fjæra.

*And Jorunn Baustad, kyrkjerverje*



# Takk til våre annonsørar!



## Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



Ønsker din bedrift å teikna  
annonseavtale i Kyrkjeposten?

Ta kontakt med kyrkjekontoret!

# Livets gang ETNE

## Døypte:

**2019**

29.12 - *Emil Grønstad*

29.12 - *Peder Ask Halleland*

**2020**

26.01 - *Tura Johanne Øverland-Bjørgen*

26.01 - *Henrik Flatebø Steine*

26.01 - *Gustav Skårdal*

## Gravlagde:

**2019**

28.11 - *Henrik Larsen Nervik*

10.12 - *Toyoko Boland*

12.12 - *Ava Stople Aasheim*

30.12 - *Johanna Helle*

**2020**

16.01 - *Valgjerd Gravelsæter*

16.01 - *Valgjerd Østrem*

29.01 - *Willy Håvardsen*

06.02 - *Tora Gurine Lye*

24.02 - *Nathaniel Nordanger Hornenes*

25.02 - *Thorbjørn Jacobsen*

10.03 - *Gerda Kaldheim*

12.03 - *Oddbjørg Skår*

# Organisten vår v



Påskehøgtida møter oss med salmar og musikk som me kjerner att, og som me gler oss til å syngja og høyra igjen år etter år. Men det er gjerne litt vanskeleg å velja ut ein favorittsalme for mange av oss. Kyrkjeposten har utfordra organisten vår,

Solveig Sørheim, til å velja ein salme som ho vil trekka fram blant sine favorittar.

«Då vil eg nemna salmen «O hode høyt forhånet».

Den står på nummer 166 i Salmeboka.

Teksten er skrive av den belgiske salmediktaren Arnulf frå Louvaini 1250 med orginaltittel «Salve, caput cruentatum». Det er ei latinsk salme kor Louvain skriv om den korsfesta Kristus sine sju sår. Det har sprunge fleire salmar ut frå denne teksten, der «Hill deg Frelser og forsoner» og «O hode høyt forhånet» er mest kjend, seier ho.

Melodien er frå 1601 og er komponert av den tyske komponisten Hans Leo Hassler. Den er kanskje mest kjend på tysk, då J.S. Bach brukte denne i fleire kjende verk, mellom anna i Matteuspasjonen.

Salmen vart oversett til dansk-norsk av Frederik Rostgaard i 1738.

Det er ein salme med 7 vers. Den skildrar korleis Jesus lid, og gir oss som syng ei rolle ved sida av Jesus medan han heng på korset.

«O hode høyt forhånet» er ei langfredagssalme og mykje brukt mellom dei mange tekstlesingane i gudstjenesten denne dagen. Eg likar at me får syngja denne i samband med tekstlesing og gjev oss høve til å

# vel påskemusikk

leve oss inn i teksten som vert lese.»

Solveig Sørheim vil vidare anbefala innspelinga til Oslo domkor «Det hellige kors» om ein vil høre dei ulike satene Bach skreiv over teksten på denne salmen.

Her er teksten på første og siste verset av salmen «O hode høyt forhånet»:

O hode, høyt forhånet,  
Med blodig sår og ve,  
O hode, tornekronet  
Til smerte, spott og spe,  
O hode som var hedret  
Og tilbedt inderlig,  
Men nå så dypt fornedret:  
Vær hilset hjertelig!

Jeg takker deg av hjerte,  
Fra dypet av min sjel,  
Min Frelser, for din smerte,  
Du ville meg så vel!  
Jeg ber, o Jesu Kriste,  
Ved troen hold du meg;  
Når øynene vil briste,  
Da la meg dø i deg!

Det er skrive fleire musikkstykke til påskehøgtida. Me vil gjerne at du nemner eitt du er spesielt glad i?

«Av musikkstykke som er komponert til påskehøgtida vil eg trekka fram verket komponert for to kor og strykeorkester, "Seven Last Words", av den skotske komponisten James MacMillan. Eit mektig verk som er basert på dei sju siste orda Jesus sa, kombinert med andre liturgiske tekstar rundt påske, særleg langfredag», seier den kunnskapsrike organisten vår, som avsluttar denne korte samtalet slik:

«Det er mange pasjoner og kantater som er kjend tonefylgle i påsketida, men eg vel å trekka fram dette verket. Det er flott og mektig musikk som gjerne kan utfordra ein litt, både musikalsk og emosjonelt.»

Alf Østrem

## Livets gang

## SKÅNEVIK

### Døpte:

18.01 - Nikolai Tjelmeland Åkra  
02.02 - Liam Selnes Sale

### Vigde:

18.01 - Ery Anne Tjelmeland og  
Svein Inge Åkra

### Gravlagde:

17.01 - Helga Irene Bøthun  
28.01 - Atle Røysen  
04.02 - Anlang Gerd Larsen  
28.02 - Bernhard Kristoffer Vannes

## Kva med korona?

Både det å døype og å gifte seg, til og med det å fylgle sine kjære til grava, blei annleis enn vanleg no. Likevel tilbyd kyrkja både dåp og vigsel, om ønskeleg. Det blir sjølv sagt i rammer prega av situasjonen og retningslinjer frå styresmaktene, men det er like fullt mogleg!

Ta berre kontakt med kyrkjekontoret om de ønsker kyrkjelege handlingar, eller har andre spørsmål!

# Andakt



Det blir nok en annleis påske i år. I skrivande stund er det unntakstilstand ikkje berre i vårt eige land, men i heile verda. Alle nyheitene er prega av oppdateringar på koronasmitt og tal døde. Og at me skal halde avstand til kvarandre og kan ikkje samlast korkje i kyrkje eller bedehus eller andre stader. Det er ikkje til å undrast over at det er lett å kjenne på pessimisme og depresjon i disse tider. Korleis vil det bli framover? Kva tid vil det ta slutt og me kan komme tilbake til normale tilstander? I alle fall er dette ei tid å tenke over kva som er viktig i livet.

Påsken som høgtid har eit fantastisk flott innhald. Uka startar med palmesundag og endar med påskedag. I løpet av desse dagane gjenfortelles ein historie, som gir håp og til oss som lever så lenge etter at alt hendte. Det er fortellinga om hyllest, påskemåltid, innstifting av nattverden, liding, krossfesting, død, og den kulminerer med oppstandelsen og den tomme grav. Alt dette innafor ei lita uke! Fortellinga er historia om at vi har en skaper og Herre som bryr seg om oss.

Eg hadde ein gong ei gravferd av ein som døydde tidleg påskedagsmorgen. Preiketeks-

ten den dagen frå Johannesevangeliet begynner med orda : "Tidleg om morgonen den første dagen i veka, medan det enno var mørkt, kjem Maria Magdalena til grava" Eg kunne sjølvsagt ikkje preike om noko anna i gravferda enn det som skjedde tidleg om morgonen påskedag for snart 2000 år sidan. Kvinnene som kom til grava forventa å finna den døde. Men grava var tom! Dei fekk høre orda : "Han er ikkje her, han har stått opp!" Det som skjedde den gang gir håp av dimensjoner. Håp, nettopp i det som setter grenser for livet, nemleg døden. Påskedag betyr at det er håp til og med i døden. I ei kvar gravferd kan eg ikkje anna enn å peike på det håpet som sprenger dødens lenker. Vedkomande som døydde den spesielle morgonen låg på det siste og hadde grepe dette håpet og fekk møte døden med tryggleik.

Ønsker alle ei God  
Påske!

*Egil Larsen*

